

Protokoll
Styremøte nr. 1/2017
Norges Friidrettsforbund
Clarion Hotel Energy, Stavanger
20.januar kl 13.30

Tilstades: Tore Hordnes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Monica Grefstad Frøyenes, Atle Guttormsen, Anne Farseth, og Stine Haugum.

Forfall: Svein Arne Hansen, Ellen Strøm Juliussen, Atle Guttormsen (sak 1,2,3),

Referent: Narve Heggheim

Frå sentraladministrasjonen: Narve Heggheim, Ole Petter Sandvig i sak 5 og 6.

Frå NIF: Oddvar Jensen sak 11

Saksliste for styremøte 1-2017:

- Sak 1/2017 Godkjenning av innkalling og protokoll/referat frå forrige styremøte 9.12.2016
- Sak 2/2017 Kompetansehelga 2017
- Sak 3/2017 Av og til- gjennomført kartlegging i klubbane
- Sak 4/2017 Regnskap 2016
- Sak 5/2017 Saker til friidrettstinget 2017
- Sak 6/2017 Forberedelsar til friidrettstinget 2017- status
- Sak 7/2017 Årslisens for utviklingshemma utøvarar
- Sak 8/2017 Etske retningslinjer i NFIF
- Sak 9/2017 Strategigjennomføring mot 2020
- Sak 10/2017 NFIF`s fortjenestemedalje
- Sak 11/2017 Orientering om aktuelle saker fra styremedlemmene
- Sak 12/2017 Openheit i idrettens organisasjonar
- Sak 13/2017 Administrativ organisering ved sjukdom

Sak 1/2017 Godkjenning av innkalling og protokoll/referat frå forrige styremøte 9.12.2016

Vedtak: Innkalling og protokoll vart godkjendt.

Sak 2/2017 Kompetansehelga 2017

Program og innhald i årets kompetansehelg vart presentert.

Sak 3/2017 Av og til- gjennomført kartlegging i klubbane

Resultat frå spørjeundersøking der 270 klubbar var invitert til å delta vart presentert. Svare i undersøkinga er nyttige å ta med vidare i haldningsskapande arbeid i friidretten sine organisasjonsledd.

Sak 4/2017 Regnskap 2016

Det førelåg ikkje regnskapsrapport men foreløpig ser det ut til at årsresultatet blir betre enn budsjett. Endeleg rekneskap blir lagt fram for godkjenning av styret i neste styremøte eventuelt i eige telefonmøte når det er klart.

Sak 5/2017 Saker til friidrettstinget 2017

Forslagsfristen til forbundstinget er ute og innkomne saker vart presentert og diskutert. Endeleg innstilling i alle saker vert gjort i neste styremøte.

Sak 6/2017 Forberedelsar til friidrettstinget 2017- status

Administrasjonen gjekk gjennom status på forberedelsane til tinget inkludert årsberetningar. Mykje er på plass men ein del gjenstår.

Sak 7/2017 Årslisens for utviklingshemma utøvarar

Det er planlagt å sette i gang fleire arrangement for funksjonshemma utøvarar for å få enda fleire aktive. For aktive på bane gjeld krav om årslisens.

Vedtak: NFIF dekkar grunnlisens for utviklingshemma utøvarar som deltek på approberte stevne i friidrett innanfor integrering sitt budsjett. Forutsetninga er at desse er medlemmer av klubb tilslutta NFIF og blir registrert på idrettsregistreringa som utviklingshemma aktive.

Sak 8/2017 Etiske retningslinjer i NFIF

Utkast til etisk regelverk vart drøfta i styret

Vedtak: Administrasjonen arbeider vidare med endeleg dokument basert på styrebehandling og endeleg vedtak på neste styremøte.

Sak 9/2017 Strategigjennomføring mot 2020

Forslag til strategigjennomføring mot 2020 vart gjennomgått og drøfta.

Vedtak: Basert på drøftingane i styret og innkomne innspel utarbeider strategiansvarleg i styret endeleg forslag til dokument for endeleg vedtak på neste styremøte.

Sak 10/2017 NFIF`s fortjenestemedalje

Styret drøfta aktuelle kandidatar til gullmedaljen. Det kan delast ut for både 2015 og 2016. Det blir delt ut ein medalje på tinget men styret kan tildele ytterlegare ein ved seinare anledning.

Vedtak: NFIF sin gullmedalje på tinget 2017 vert tildelt xxxxxxxxxxxx

Sak 11/2017 Orientering om aktuelle saker fra styremedlemmene

Saka vart utsett til neste møte.

Sak 12/2017 Openheit i idrettens organisasjonar

2. visepresident i NIF presenterte NIF sine haldningar og vedtak til den pågåande debatten om åpenheit omkring rekneskap i NIF før 2015 og tiltak som er iverksett av sitjande styre.

Vedtak: NFIF er prinsipielt for åpenheit og meiner NIF bør opne for innsyn i bilag før 2015. NFIF sender ein skriftleg henvendelse til NIF der ein ber om at denne saka blir teken opp på ledermøte våren 2017 for å få heile organisasjonens syn på dette.

Sak 13/2017 Administrativ organisering ved sjukdom

Generalsekretær har hatt ein periode med sjukdom og det er nødvendig at ein får på plass midlertidige løysingar fram til generalsekretær er tilbake.

Vedtak: Organisasjonssjef blir konstituert som generalsekretær i generalsekretæren sin sjukdomsperiode.

Møtet slutt 17.40